

Hei,

Vi har motteke søknad om løyve til tiltak, med dato 27.02.2018.

Det er kryssa av for eitt-steps søknadsbehandling og at vilkåra for 3 veker saksbehandlingstid er oppfylte, jf. pbl. § 21-7 annet ledd.

For at vilkåra etter pbl. § 21-7 annet ledd skal vere oppfylte er det mellom anna eit vilkår at tiltaket er i samsvar med bestemmelsar gitt i medhald av lova. I denne samanheng vil vi be dykk om å komma med ein tidsplan for tiltaket som syner når tiltaket er planlagt ferdig. I reguleringsføresegna for området står det i punkt 8.1 at anleggsperioden er tidfesta til seinast maksimalt 3 år etter at reguleringsplanen er godkjent, som då vil vere 18.06.2018. Spørsmålet er om tiltaket med opparbeiding og planering av tomter med mellombels anleggsveg vil vere ferdig til denne datoen. Ein detaljert tidsplan for dette er ønskelig.

Det er i søknaden og lagt inn ein tekst på teikning av tiltaket om "mulig rekkverksrom". Kan de forklare nærare vurderinga av om det er naudsynt med rekkverk eller annen sikring av den mellombelse anleggsvegen her?

Syner og til vedtatt punkt om at køyreveg skal omgjeras til gangveg med maksimal bredde på 1,5 meter, etter anleggsperioden er over. Er det i samband med det omsøkte tiltaket planlagt tilbakeføring av veg til gangveg?

Med utgangspunkt i at vi må ha ytterlegare informasjon til søknaden ser vi ikkje at søknaden oppfyller krav om saksbehandlingstid på 3 veker.

Ta kontakt om de har spørsmål.

Med helsing

**Hilde Kjelstrup** | *Seksjonsleiar forvaltning - Kvinnherad kommune*

Mobil: +47 452 10 707 | Tlf: 53 48 31 00